

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

30.04.2014

Att: Siri Merethe Fagerheim

Svar på høringsfråsegner til konsesjonssøknad for Fardalselvi kraftverk

Sognekraft AS har no gått gjennom alle høringsfråsegnene som kom inn i samband med høringsrunden for konsesjonssøknaden for Fardalselvi kraftverk. Vi har kommentert dei høringsfråsegnene / innspela som vi har vurdert som mest relevante i forhold til dette prosjektet.

Ta gjerne kontakt med undertteikna dersom noko er uklart eller de treng fleire opplysningar for å fatte eit vedtak i saka.

Helsing

Sognekraft AS



Kåre Fosse

Kommentarar til høyringsfråsegnene til konsesjonssøknad for Fardalselvi kraftverk

I dette dokumentet har vi under kvart tema lista opp kommentarar/moment som vi ser på som relevante, og gjeve til kjenne vårt syn på saka. Vi har også kommentert problemstillingar/saker som vi meiner er lite relevante i forhold til ei avklaring av konsesjonsspørsmålet.

Høyringsfråsegner som er lite relevante

Fardalselvi kraftverk vert handsama som ein del av Sogndalspakken, der det inngår seks andre søknader for småkraftverk i Sogndal kommune, som alle er lokaliserte i Fjærland. Det har komme inn åtte høyringsfråsegner i alt. Tre av desse vurderer vi som lite relevante for vår søknad (dei gjeld i hovudsak dei andre prosjekta):

- **Statens vegvesen:** Kommentarar gjeld prosjekt i nærleik til riksveg 5. Vegen forbi Fardalselvi er riksveg 55 og søkjar vil søkje om naudsynte løyve i forhold til byggegrensa langs vegen.
- **Oddrun Marie Drage:** Drage er sterkt i mot utbygginga av Fardalselvi kraftverk og listar opp ei rekkje førekomstar av flora, fauna og kulturminne som skal finnast i området, men som ikkje stemmer med våre undersøkingar i området. Påstandane er ikkje dokumenterte og let seg vanskeleg kommentere.
- **Bygdautvalet i Fjærland og Fjærland reiselivslag:** Det blir sterkt oppmoda til å gi konsesjons til dei omsøkte småkraftutbyggingane i Fjærland. Fardalselvi kraftverk er ikkje nemnt.

Generelt om søknaden

Sogndal kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune (SFF): Sogndal kommunestyre er i sitt vedtak positiv til ei utbygging av Fardalselvi og konkluderer med at samfunnsnyttan er større enn ulempene ved ei utbygging. SFF har eit nesten likelydande vedtak.

Hydrologi og minstevassføring

1) Forum for natur og friluftsliv (Sogn og Fjordane turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane): 5-persentil vinter er sett til 36 l/s medan sommar er sett til 160 l/s. Åberge planteskule tek ut om lag 8 l/s gjennom året og minstevassføringa bør difor aukast årleg med desse 8 l/s for å sikre ei viss vassmengd i elva i høve ureining i vassdraget. Det blir bede om at minstevassføringa sommar vert endra til 168 l/s og vinter til 44 l/s.

2) Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane: Utbygginga kan imøtekomast, men den mykje reduserte vassføringa kan føre til vegetasjonsendringar og større fare for forureining av elva. Av

omsyn til landskapsoppleving og flora og fauna i og ved elva bør minstevass-føringa difor aukast.

3) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Eit tilstrekkeleg miljøbasert vassføringsregime vil vere viktig for å avbøte skadane på landskap og vasstilknytt fauna på tiltaksstrekninga. Dette tilseier ei minstevassføring på minst 5-persentilnivå. Fylkesmannen meiner det ikkje kan leggjast vekt på tilsig frå restfeltet som grunngeving for eit lågare nivå. Minstevassføringa skal avbøte skade på heile den påverka strekninga, og små sidevassdrag vil uansett bidra lite i tørre periodar. Det etterlysast betre dokumentasjon av elva ved relevante vassføringar.

Sognekraft AS sin kommentar:

1, 2 og 3) Det er foreslått ei minstevassføring som er lågare enn 5-persentilen sidan lokaltilsiget mellom inntaket og kraftstasjonen er relativt stor, med ei berekna restvassføring på 250 l/s. Minstevassføringa er også foreslått av omsyn til økonomien i prosjektet. Som det framkjem av miljøvurderinga vil vasskvaliteten i elva kunne bli noko dårlegare som følgje av redusert resipientkapasitet, men dei akvatiske verdiane i elva er vurderte som små. Den samfunnsmessige nytten av auka produksjon av fornybar og rein kraft blir her vurdert å vege opp for ulempene ved utbygginga.

Landskap

1) Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane: Fardalselvi kraftverk vil vere mindre synleg i landskapet samanlikna med andre kraftverk i Sogndalspakka, og kan imøtekomast, men kraftstasjonen bør trekkast noko tilbake for ikkje å kome i «konflikt» med den vakre og særprega Fardalsfossen.

2) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Fardalsfossen med omgjevnader er eit viktig landskapselement som har stor verdi for reiseliv og turisme, og fossen er godt synleg frå rv 5 (kommentar Sognekraft: her er det truleg meint rv 55) og frå fjorden. Det etterlysast fotomontasje og ei nærare forklaring av dei visuelle verknadene i søknaden. Inngrep knytt til kraftstasjonen (kraftstasjon, røyrgate, vegtilkomst, sikringstiltak for kraftstasjonen) vil bli godt synlege og dominerande element så tett ved fossen. For å unngå dette bør kraftstasjonen etablerast ovanfor gjelet.

Sognekraft AS sin kommentar:

1 og 2) Kraftstasjonen med tilkomstveg er tenkt plassert i overkant av Fardalsfossen. Å flytte den opp forbi gjelet vil medføre ein vesentleg reduksjon i produksjonen, og søkjar meiner at dette ikkje kan forsvarast ut frå omsyn til landskapet. I anleggsperioden, og inntil fjerna vegetasjon har fått etablert seg att, vil tiltaket vere godt synleg og kunne verke skjemmande på inntrykket av Fardalsfossen sett frå rv 55 og frå fjorden. Det er skog på begge sider av fossen som ikkje vil bli fjerna, og dette vil bidra til å skjule ein del av inngrepa. Det er mange tyngre inngrep i området i dag, med bustader, veg og kraftliner tett inn mot fossen, og i den etablerte driftsfasen meiner vi at kraftstasjonen med tilkomstveg ikkje vil opplevast som spesielt skjemmande sett i høve til dagens situasjon. Det vil bli lagt vekt på å revegetere inngrepsområda og tilpasse kraftstasjonen best mogleg til omgjevnadene.

Raudlisteartar og terrestrisk miljø (biologisk mangfald)

1) Norsk ornitologisk foreining, avdeling Sogn og Fjordane: NOF er generelt uroa over konsekvensane av talet på småkraftverk som vert omsøkt og konsekvensane av inngrepa totalt sett. NOF krev at det vert gjort grundige registreringar av fuglelivet i området til ulike tider av året, og at konsekvensane av tiltaket vert godt utgreidd.

2) Sogndal kommune og Sogn og Fjordane Fylkeskommune (SFF): Sogndal kommune og SFF meiner at anleggperioden må leggjast utanom yngleperioden for fuglar og pattedyr.

3) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: Miljørapporten synest for mangelfull for å utgjere eit godt grunnlag for å gi konsesjon. Undersøkingane er gjort for seint på året til å gi eit godt nok kunnskapsgrunnlag når det gjeld fauna og karplantar. Viktige delar av rapporten baserer seg på generaliseringar, litteraturgjennomgang og samtale med lokalkjende. Fylkesmannen si vurdering er at dyre- og fuglelivet ikkje er undersøkt, og at karplanteflora er dårleg undersøkt. Fylkesmannen er ikkje einig i konsulentens si vurdering av at miljøvurderinga bygger på relativt godt datagrunnlag.

Området nedanfor Fardalsfossen er tilsynelatande svært overflatisk vurdert. Det kjem ikkje fram om det svært tronge gjelet ovanfor fossen frå ca. kote 35 til 75 er undersøkt. Dette gjelet kan vere botanisk interessant. Til saman tilseier manglane i miljørapporten ei føre-var tilnærming, dvs. at kraftstasjonen bør plasserast ovanfor naturtypelokaliteten, dvs. på kote 80 ovanfor gjelet.

Sognekraft AS sin kommentar:

1) Registreringsarbeidet er utført med sikte på å framskaffe eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, og er på line med registreringsarbeid som er utført i tilsvarande saker. I miljørapporten er synfarsrute teikna inn på kart. Dei delane av elvestrengen som ikkje er tilgjengelege utan sikringsutstyr er ikkje undersøkte, og det er heller ikkje vanleg med eit så omstendeleg registreringsarbeid i denne typen saker. Tidspunktet for synfaring er noko seint for registrering av hekkande fugl, men vi meiner likevel at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg for å kunne seie noko om potensialet for funn av verdifulle artar og naturtypar.

2) Det er ikkje påvist sensitive eller sårbare artar i influensområdet til kraftverket. Det er ikkje vanleg å ta omsyn til trivielle artar for denne type anleggsarbeid.

3) Gjelet ovanfor Fardalsfossen er ikkje undersøkt, men ut i frå observasjonar oppstraums og nedstraums er det mykje som tydar på at gjelet består av glattskurd berg med lite eller ingen vegetasjon. Vi meiner vidare at det ikkje er grunnlag for å avgrense heile naturtypelokaliteten «Fardalsfossen» som tidlegare er registrert som fossesprøytsone heilt nede frå fjorden og til godt ovanfor planlagt kraftstasjon. Ved synfaring var det berre eit lite område like nedanfor Fardalsfossen som etter vår oppfatning har slike kvalitetar, og som er vurdert til lokal verdi. Vår kartlegging har konkludert med at kvaliteten på eksisterande naturtypekartlegging (gjennomført av Aurland Naturverkstad) er mangelfull, og den store vektlegginga av denne kartlegginga er difor ei svakheit ved Fylkesmannen si uttale.

Akvatisk miljø

1) Forum for natur og friluftsliv (Sogn og Fjordane turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane): Det er mange vasstilknytte artar som i større og mindre grad er avhengige av god vassføring i elva for å ha gode levevilkår. Det blir spesielt vist til vannflaggermus, vintererle, fossefall og strandsnipe. Samla vurdering for flora og fauna er i søknaden sett til liten negativ konsekvens, medan denne burde ha vore sett høgare av om syn til vasstilknytte artar.

Vasskvaliteten i vassdraget har moderat økologisk og kjemisk tilstand grunna ukjent avrenning frå jordbruk og punktkjelder, samt mogleg partikkelureining oppstraums i vassdraget. Ved utbygging vil elva som resipient bli sterkt svekka og det vil truleg ikkje vere mogleg å nå miljømålet som er sett, og som vil vere i strid med EU sitt vassdirektiv. Fardalselvi kraftverk vurderast ikkje som det mest konfliktfylte kraftverket i pakka, men samfunnsnyttan ved utbygginga vurderast å ikkje vege opp for ulempene ved ureining av vassdraget.

2) Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: I Fardalselvi er det påvist høge verdier av termotolerante koliforme bakteriar, som viser at det er ei viss ureining i vassdraget. Ved å fjerne vatn på ei elvestrekning kan tilhøva verte ytterlegare forverra dersom noko av denne ureininga kjem inn på tiltaksstrekninga. Før ein kan gi løyve til å byggje ut Fardal kraftverk bør det difor kartleggjast kva for ureiningskjelder det er i vassdraget og eventuelt ordne opp i dei først.

Sognekraft AS sin kommentar:

1) Elvestrengar av denne typen er ikkje vurdert å vere viktig for vannflaggermus (Christian Michaelsen, pers. medd.), som i hovudsak har leveområde knytt til stillestående vatn og sakteflytande elvar. Konsekvensar for vasstilknytt fugl meiner vi er tilstrekkeleg skildra og vurdert i miljørapporten. Omfanget av utbygginga på akvatisk miljø er vurdert å vere middels negativ, men sidan dei akvatiske verdiane i området er vurderte som små, er konsekvensen sett til liten negativ.

1 og 2) Som det kjem fram av miljøvurderinga vil vasskvaliteten i elva kunne bli noko dårlegare som følge av redusert resipientkapasitet, men dei akvatiske verdiane i elva er vurderte som små. Den samfunnsmessige nytten av auka produksjon av fornybar og rein kraft er etter vårt syn større enn ulempene ved utbygginga.

Friluftsliv

1) Forum for natur og friluftsliv (Sogn og Fjordane turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane): Ingen friluftslivsinteresser er knytt spesielt til den aktuelle elvestrengen anna enn svært lokalt. Dei fleste toppane rundt det aktuelle influensområdet er mykje nytta til ulike typar friluftsliv sommar og vinter, og der det er utsyn mot heile eller delar av dalen. Konsekvensar for friluftslivsinteresser er knytt til innsynet til ein fråfallen elvestreng i sesongane når det ikkje er lauvvekst på trea.

Sognekraft AS sin kommentar:

1) Den delen av elvestrengen som er planlagt utbygd ligg i nedre del av dalføret, og innsynet frå fjellområda rundt dalen vil vere størst frå aust, sett frå fjellpartiet Slakkafjellet – Smørhovden. Frå fjellpartiet i vest vil elva også vere synleg, men heile vestbredda av elva er skogkledd, slik at innsynet vil vere noko meir avgrensa her. Innsynet til ein tidvis tørrlagt elvestreng vil ha eit visst negativt omfang på landskapsopplevinga, men vi held fast på at konsekvensen i driftsfasen ikkje vil vere større enn liten til middels negativ.

Samla belastning

1) Forum for natur og friluftsliv (Sogn og Fjordane turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane): Kraftutbygging er i dag den største negative påverknaden på vassdraga i regionen. Det er ingen andre markerte elvar som renn ned i Sogndalsfjorden i denne delen av fjorden. Elvane i denne delen av fjorden har alle naturleg svært variabel vassføring og er ofte nærast turre i delar av sommarhalvåret. Fardalselvi kan såleis ha ein viktig biologisk funksjon i denne delen av fjorden.

Sognekraft AS sin kommentar:

1) Det er ingen kjende planar for utbygging av dei mindre elvane som har avlaup til Sogndalsfjorden, og det er også fleire elvar lengre vest i Sognefjorden som kan samanliknast med Fardalselvi. På bakgrunn av dette meiner vi at Fardalselvi ikkje står i ei særstilling når det gjeld å sikre dei biologiske funksjonane knytt til slike vassdragsmiljø, og at andre elvar i regionen vil bidra til å oppretthalde tilsvarende biologiske kvalitetar.